

STRANDA KOMMUNE

-tíl å vere stolt av



ÅRSMELDING

2021

Innheld

Årsberetning	4
Rådmannen	5
Klimasatsing i kommunen - verdsarvområdet.....	8
<i>Berekraftfylke Møre og Romsdal (U4SSC)</i>	<i>8</i>
<i>KLIMASATS</i>	<i>8</i>
<i>Twin Fjord.....</i>	<i>8</i>
<i>Hydrogen-prosjektet.....</i>	<i>8</i>
<i>Brannstasjon i Geiranger.....</i>	<i>9</i>
<i>Biogass</i>	<i>9</i>
<i>Konsept nullutsleppshavn - Stranda/Hellesylt.....</i>	<i>9</i>
Konsolidert rekneskap 2021 – drift.....	10
Konsolidert rekneskap 2021 – investering	14
Økonomisk utvikling og stilling over tid.....	14
<i>Finansielle måltal</i>	<i>14</i>
1. Måltal for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 1,75%.	15
2. Måltal for disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 10 %.	16
3. Måltal for netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter – maksimum 100%.	16
<i>Økonomisk stilling- og handleevne over tid.....</i>	<i>17</i>
Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap –2021 - DRIFT	19
<i>Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – økonomisk oversikt drift 2021</i>	<i>19</i>
Ad 1, Rammetilskotet:.....	21
Ad 2 Inntekts- og formuesskatt.....	22
Ad 5 Andre overføringer og tilskot fra staten	22
Ad 6 Overføringer og tilskot fra andre (inntekt)	22
Ad 7 Brukarbetalingar – sum meirinntekt kr 2,5 mill.	24
Ad 10 og 11 Lønn- og sosiale utgifter.....	24
Ad 12 Kjøp av varer og tenester/vikarbyrå	25
Ad 13 Overføringer og tilskot til andre.....	26
Ad 14 avskrivingar (driftsutgift)/23 Motpost avskrivingar (finanspost).....	26
Ad postane 17 -22, finanspostar	26
Ad 24 netto driftsresultat.....	27
Ad 26 netto avsetning til bundne fond	28
Ad 27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond.....	28
Ad 28 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	28
<i>Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – netto rammer einingane - drift 2021</i>	<i>29</i>
Innleiing	29
Vesentlege avvik - pensjon.....	29
Vesentlege avvik – indirekte kostnadar	29
<i>Tabell – Einingane med avvik med premieavvik, pensjon og indirekte kostnadar</i>	<i>31</i>

Forklaring på avvika mellom reknerekspert og budsjett – drift – på einingsnivå Forklaring på avvika, som er vist i tabellen ovenfor, kjem nedanfor	31
<i>Vesentlege avvik mellom budsjett og reknerekspert – investeringsprosjekt 2021.....</i>	38
Investeringsprosjekt – avvik.....	38
Investeringsrekneskapen – avvik – på prosjektnivå	39
Vesentlege avvik mellom budsjett og reknerekspert – bevilgningsoversikt investering – 2021.....	41
<i>Avvik Stranda Hamnevesen KF.....</i>	42
<i>Oppsummering investering – og ubrukte lånemidler - kommunen.....</i>	43
Folkehelsearbeidet.....	43
Folkehelseoversikt	43
Folkehelsearbeid i 2021	43
Internkontroll og høg etisk standard	45
Høg etisk standard	45
Internkontroll	45
Likestilling og diskriminering	46
Sjukefråvær.....	48
Politisk styring.....	50
Vedlegg:.....	51
<i>City Snapshot, Stranda kommune, Norway, May 2021.....</i>	51

Årsberetning

Kommunen er pliktig til å utarbeide årsberetning for kommunen si samla verksemd. Med samla verksemd vert det meint alle føretak og samarbeid som inngår i Stranda kommune som juridisk eining. Det vil seie Stranda kommune (kommunekassa) og Stranda Hamnevesen KF.

Dette er derfor ei årsberetning som dekke Stranda kommune si verksemd og i tillegg skal inkludere vesentlege forhold i det kommunale føretaket.

Rådmannen

Stranda kommune sitt rekneskap for 2021 er levert med eit økonomisk resultat som for andre gong på fleire år går i balanse utan å vise til millionbeløp i overskot. Det har også vore andre heile driftsår sidan kommunen kom ut av ROBEK (Register for betinga godkjenning og kontroll).

I mars 2020 vart verda, landet og kommunen råk av ein epidemi som framleis pregar samfunnet i stor grad. Konsekvensar av innføring av nasjonale, regionale og lokale tiltak har sett sitt preg på folket, næringslivet og drift av kommunen. Næringslivet vart hardt råka med permiteringar, oppseiingar og nedstenging av verksemder. Kommunen har gjennomført fleire endringar og dei tilsette har vore svært fleksible og endringsvillige for å løyse alle pålegg og anbefalingar som følgje av pålagte smitteverntiltak. Pandemien/Covid19 har også påvirka kommuneøkonomien med redusert og/eller bortfall av utbytte og auka kostnader knytt til Covid19. Stranda kommune har fått kompensert ein del av utgiftene gjennom tilskot frå staten, men det vil framleis vere usikkert kva økonomiske konsekvensar pandemien vil få for kommuneøkonomien framover.

Arbeidet med å organisere, administrere og styre Stranda kommune ut av ROBEK, har prega heile kommunen dei siste åra. «**Forpliktande plan**» har stått sentralt i dette arbeidet. Planen skal syne korleis kommunen kan gjenvinne økonomisk kontroll. Når Stranda kommune no er meldt ut av ROBEK, er det særsviktig å gjenta og minne om dei berande prinsippa i «forpliktande plan». Desse er formulert som fire kortsiktige og fire langsiktige mål for økonomiforvaltninga i Stranda kommune:

Mål på **kort sikt** for økonomiforvaltninga i Stranda kommune:

1. Balansering av utgifter og inntekter i budsjettet.
2. System for månadleg økonomirapportering.
3. Låneopptak lågare enn årlege avdrag.
4. Utnytte potensielle nye kjelder til inntekt.

Mål på **lang sikt** for økonomiforvaltninga i Stranda kommune:

1. Netto driftsresultat på 1,75% per år.
2. Stabilisering av kommunen si lånegjeld.
3. Oppbygging av disposisjonsfond.

Målsetjingane skal vere grunnpilarar som Stranda kommune **bør halde fast ved**. Dei må vere retningsgjenvande i framtida for å sikre ein berekraftig kommuneøkonomi og ein forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar.

Endring krev godt leiarskap og styring. Gjennom samarbeid og god dialog har kommunen sine tilsette saman med dei folkevalde teke ansvar i denne perioden.

Rådmannen vil takke leiargruppa, einingsleiarar og kvar einskild tilsett som har bidrøge og utvist førebilete lojalitet mot vedtekne budsjett. Dette har kravd handlingsreglar, kunnskap og innsikt for å få eigarskap og oppslutning om dei ulike tiltaka som har vore sett i verk. Denne jobben har vore gjort samstundes med at ein har klart å halde kvaliteten på dei kommunale tenestene på eit høgt nivå. Dette står det respekt av. Rådmannen vil også takke kommunen sine politikarar som har utøvd god økonomistyring i bruken av kommunen sine avgrensa økonomiske ressursar. Det har vore mange diskusjonar om ulike retningsval, likevel har ein sameinast om vedtak i ein vanskeleg periode.

Stranda kommune hadde i 2021 eit positivt netto driftsresultat på kr 0,7 mill (2020 -kr 0,7 mill).

Veksten innanfor den delen av pleie og omsorg som gjelde ressurskrevjande brukarar og personleg assistanse har vore stor. I tillegg har det vore kraftig vekst i bruken av ressursar på elevar med særskilde utfordringar i skulen. Ein vekst i ressursbruken på dette nivået vil ikkje vere berekraftig på sikt, noko som stiller både kommuneleiainga og politikarane ovanfor store utfordringar med å tilpasse bruk av tilgjengelege ressursar opp mot auka krav. Det er eit paradoks at det økonomiske **handlingsrommet** i Stranda kommune er i ferd med å lukke seg samstundes som kommunen er ute av ROBEK.

Plan, miljø og næringsavdelinga har i 2021 fått vedtatt ei ny sjølvkostforskrift, gjeldande frå 2022. Dette innebere at fleire tenester vert sjølvkosttenester (kostnad dekt fullt ut over sjølvkost), frå 2022.

Kommunen har dei siste åra fått tildelt fleire nye lovpålagte tiltak som til dømes psykolog, ergoterapeut. I tillegg har kommunen tilpassa seg både av pedagog- og bemanningsnorma i barnehagesektoren. Vi har framleis utfordring med å få søkerar til psykologstillinga, den er framleis ledig.

«*Det store bildet*» var eit prosjekt for å kartlegging handlingsrommet for utvikling av reiselivet i Stranda Kommune. Sluttrapporten var lagt fram for formannskapet juni 2020 med anbefalingar for korleis ein kan imøtekome dei utfordringane og forpliktingar som følger av forvaltning av Verdsarvstatus i eit unikt internasjonalt fjordlandskap, og samtidig utvikle livskraftige bygdesamfunn og eit veksande reiseliv i kommunen og regionen. Det vart i 2021 tilsett prosjektleiar for vidareføring av prosjektet.

Stranda kommune begynte i 2018 arbeidet med det såkalla **RO-prosjektet**. Rapporten var oppe til politisk handsaming hausten 2020 og med tiltak som vil krevje omstilling og endring av dagens driftsnivå i åra som kjem. Hovudmålet med prosjektet var å kartlegge neverande status og framtidige behov innanfor pleie og omsorg i Stranda kommune. Siktet er å kome fram til ei berekraftig dimensjonering av strukturane innanfor pleie og omsorg i eit langsignt perspektiv, som syter for at kommunen kan levere dei tenestene som innbyggjarane har rett og krav på, dette må sjåast i lys av ein sunn utvikling av kommuneøkonomien. Det har vore ei brei og god involvering av både kommunen sine tilsette og politisk nivå. Prosjektet vart vidareført i budsjettprosessen for 2022 der det vart innarbeida tiltak for perioden 2022 - 2025

I 2018 starta ein opp utarbeidninga av ny **Kommuneplan**. Samfunnsdelen for Stranda kommune vart vedteke av kommunestyret i februar 2019. Kommuneplanen sin samfunnsdel er sjølve grunnlaget i det kommunale planarbeidet, og det viktigast styringsverktøyet for både administrasjon og politikarar. I 2020 har ein arbeidd med kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet har vore leia av Ose ingeniørkontor. Dette arbeidet har ført til stort engasjement i alle bygdelag, og godt samarbeid mellom administrasjon, næringsliv og politikk. Kommunestyret vedtok arealplanen i juni 2021.

Næringslivet i Stranda gjennomfører investeringar i ulike storleikar kvart år. Det at næringslivet har vilje og evne til å investere, gir innbyggjarane våre tru om ei framtid i kommunen. Talet på arbeidsplassar vert oppretthalde, eller auka – og er viktig for ei positiv utvikling i folketallet og skatteinngangen til kommunen. Ein har all grunn til å takke eit særdeles oppegåande og aktivt næringsliv.

Berekraftfylket Møre og Romsdal 2025

Stranda har forplikta seg til å bidra til berekraftfylket Møre og Romsdal 2025. Det er ei klar forventing

at kommunane skal spele ei nøkkelrolle i styring av utviklinga i ei berekraftig retning. FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Det er med tru på framtida at årsmeldinga for Stranda kommune 2021 med dette vert lagt fram for politisk handsaming.

Stranda 31.3.2022

Åse Elin Hole

Rådmann

Klimasatsinga i kommunen - verdsarvområdet

Det er stort fokus på klimaarbeidet i Stranda kommune. Informasjon om kva det har vore arbeidd med kjem nedanfor:

1. Arbeid med Energi- og klimaplan
2. Energi- og klimaplan har vore ute på høyring hos alle relevante instansar og tilbakemeldingane er innarbeidde i endeleg plan som vart ferdigstilt i 2021 med tanke på godkjenning i 2022 (KPU 10.01.22 og KOM 26.01.2022).
3. Det er utarbeidd ein Tiltaksplan som er knytt opp til budsjettprosessen med tanke på årleg revisjon og gjennomgang
4. Som del av EKP er det etablert eit klimabudsjett for Stranda kommune, der tiltaka skal innarbeidast i årsbudsjett og økonomiplan for 2022 – 2025
5. Planen er lagt ut på heimesida til kommune:
<https://www.stranda.kommune.no/tenester/bygg-plan-og-eigedom/plan/>

Berekraftfylke Møre og Romsdal (U4SSC)

1. Delteke i samarbeidsforumet for MRFK (berekraftfylket Møre og Romsdal)
2. Laga ferdig og fått godkjent datasett (KPI'ar) for Stranda kommune
3. KPI-rapporten for Stranda kommune er lagt ut på heimesida og rapporten vil bli nytta aktivt i arbeidet med energi og miljø i kommunen.

KLIMASATS

1. [Berekraftige transportløysingar i verdsarvkommunen](#) – Sluttrapport (Det Store Bildet) er levert til Miljødirektatet. Ein fekk dverre ikkje nytta heile løyvinga (1 MNOK), m.a. på grunn av at situasjonen m.o.t. nullutsleppskravet har vore uavklart i lengre tid. Dermed har ikkje kommunen kunna sett i gang delprosjekt for å vurdere ulike lokale løysingar på utsleppskravet (m.a. kva energiberar ein bør ta sikte på å utvikle (hydrogen, ammoniakk, biometanol) eller kva løysingar ein bør satse på når det gjeld sjøtransporten (Blå korridor, no: Smart gateway)
2. [Sunnmørs-kommunane sitt klima- og energinettverk](#) – Delteke aktivt i dette interkommunale samarbeidet og i 2021 har dette vore mest knytt til ferdigstilling av EKP.
3. [Kompetansehevande tiltak for miljøvennlege innkjøp](#) – Det er halde orienteringsmøte på Storfjord kulturhus (6.10) for og saman med Sykkylven og Fjord kommunar der tilsette fekk ein brei gjennomgang av Miljøvennlege innkjøpsordningar.

Twin Fjord

1. Representert Stranda kommune i arbeidsgruppa
2. Fått opplæring i verktøyet som er utvikla i regi av TF med tanke på testing i arealplanlegging.

Hydrogen-prosjektet

1. Ordførar og næringssjef har representert Stranda kommune i arbeidsgruppa til Norwegian Hydrogen
2. Norwegian Hydrogen har i 2021 arbeidd med å detaljplanlegge hydrogenproduksjonen på Hellesylt
3. Stranda kommune har etablert eit OPS med Møre og Romsdal fylkeskommune og Flakk Gruppen der ein har fått på plass ein avtale om prosjektering for flytting av av gamlekaia til andre sida av elva slik reguleringsplanen for Hellesylt sentrum føreset.

Brannstasjon i Geiranger

Kommunen har fått tilskott frå KLIMASATS-ordninga til såkalla Tidleg kartlegging av byggje- og anleggsarbeid der føremålet er å identifisere klimavenlege alternativ og eventuelle meirkostnader tidleg i ein byggjeprosess, slik at det bli enklare å realisere eit klimavenleg byggeprosjekt. Oppdraget er sett bort til Art Arkitekter. Sluttraport vert levert mars 22.

Biogass

Kommunen fekk støtte frå KLIMASATS til ein foranalyse om Biogassanlegg i Indre Storfjord. Stranda samarbeider med Fjord og i forprosjektet skal ein kartleggje potensialet for klimagassreduksjon ved å etablere eit biogassanlegg basert på lokale råstoff frå Indre Storfjord. Arbeidet vart i hovudsak gjennomført i 2021, men sluttrapport vert ikkje levert før våren 2022.

Konsept nullutsleppshamn - Stranda/Hellesylt

Stranda kommune har fått kr 350 000 til eit forprosjekt på oppgradering av Hellesylt kai og kaihus, og dessutan tilstøytande småbåthamn til "nullutsleppshamner". Dette inkluderer planlegging av klimanøytralt bygg og lademoglegheiter for elektriske småbåtar. NORDPLAN (Eid) fekk oppdraget å gjennomføre analysen. Arbeidet kom godt i gang i 2021, men sluttrapport vert ikkje levert før 2022. Tre studentar ved NTNU arbeider tek bachelor-grad på nokre avgrensa problemstillingar i prosjektet.

For meir informasjon om Stranda kommune si «Berekraftsrose», sjå vedlegget «City Snapshot, Stranda, Norway, May 2021

Konsolidert rekneskap 2021 – drift

§14 a) i kommunelova seier at ein i årsmeldinga skal gjere greie for tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske situasjon.

Konsolidert driftsrekneskap viser samla driftsinntekter på kr 474,6 mill (2020 kr 445,7 mill). Det er ikkje vedtatt konsolidert budsjett, og det skal heller ikkje inngå i obligatorisk oppstilling, men eigne berekningar viser at inntektene vart kr 59,7 mill høgare enn samla budsjett. (2020 46,2 mill høgare). Talet viser ikkje ei reell meirinntekt fordi det ikkje vert budsjettet med inntekt frå mva-kompensasjon – og i lita utstrekning inntekt frå sjukerefusjon.

Covid-19 pandemien medførte store endringar i nokre av utgiftspostane – og det var også usikkerheit knytt til inntektpostar. Det var derfor svært vanskeleg, om ikkje umogeleg å fastslå netto driftsresultat presist for 2021. Inkludert i rammeoverføringane vart det mottatt kr 4 298 600 til kompensasjon for utgifter for tiltak i samband med Covid`19.

Ad Linje 5 Andre statlege overføringar 2021, kr 12,4 mill – Stranda kommune

Tabellen nedanfor syner kva for midlar som vert klassifisert som ”Andre statlege overføringar”

Ansvar	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Bilagstekst	Beløp
8010	Skattar, rammetilskot	4100		HUSBANKEN rentekompensasjon kirkebygg 2021 Stranda	-1 209
8010	Skattar, rammetilskot	4100		HUSBANKEN rentekompensasjon kirkebygg 2021 Sunnylven	-2 028
8010	Skattar, rammetilskot	8400		HUSBANKEN rentekompensasjon 2021, skole og svømmeanlegg	-41 464
8010	Skattar, rammetilskot	8400		HUSBANKEN kompensasjonstilskudd omsorgsboliger_sykehjem 2021	-1 300 606
8010	Skattar, rammetilskot	8400		FISKERIDIREKTORATET Havbruksfondet	-7 124 792
5010	Plan, miljø og næring	5201		LANDBRUKSDIREKTORATET	-35 403
5010	Plan, miljø og næring	5201	D535	Komm.Dept/Kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter	-412 525
5010	Plan, miljø og næring	5201	D535	KOMDept Kommunal komp. lokal verksemid	-525 000
5010	Plan, miljø og næring	5201	D535	KMD kommunal kompensasjonsordning lokale verksemder	-708 000
5010	Plan, miljø og næring	1910		LANDBRUKSDIREKTORATET	-1 099 414
5010	Plan, miljø og næring	5201	D535	KomDEP Kompensasjonsordning lokale verksemder	-1 153 000
SUM					-12 403 441

Ekstraløyvingar som vart utbetalt over rammetilskotet utgjorde til saman kr 12,4 mill.

- Utbetalinger som gjeld prosjekt nr D535 er øyremerka midlar; kompensasjonsordning til lokale verksemder, inntekt kr 2 798 525,-, som i si heilheit er fordelt vidare.
- Inntekt frå Havbruksfondet utgjorde kr 7,1 mill (2020 kr 5,8 mill).

Ad linje 6 andre overføringer og tilskot frå andre (inntekt)

For 2021 er det mottatt kr 60,0 mill (2020: kr 56,5 mill). For 2021 var det budsjettet med kr 26,1 mill. Avviket mellom rekneskap og budsjett var meirinntekter på kr 33,8 mill. Avviket på meirinntekter kan forklaraast slik:

- Kr 3,9 mill er meirinntekt frå staten
- Kr 15,2 mill av differansen er meirinntekt frå sjukerefusjon.
- Kr 10,7 mill gjeld meirinntekt frå momskompensasjon (Momskompensasjon var ikkje budsjettert)
- Kr 2,4 mill var meirinntekt frå private
- Kr 1,1 mill var meirinntekt – overføring frå fylkeskommunen

Linje 7 Brukerbetalinger – kommunalteknikk

- a) Art 16202 Andre avgiftsfrie inntekter hadde vesentlig avvik på 2,2 mill. under budsjett. Ved ein incurie har budsjettet blitt kr 2,0 mill høgare enn det som var realistisk.
- b) Art 16401 Komm årsbegyr hadde vesentlig avvik på 1,4 mill. under budsjett. Dette har med at det har vore gjort endringar i sjølvkostkalkylen, medan budsjettet ikkje har vore endra.

Art 16402 Tilkoplingsavgift viser kr. 724 000 over budsjett, men kr 800 000 under fjarårstall. Forklaringa her er at tilkoplingsavgifta vil variere i takt med kva for bygg som vert ferdigstilte og kor store bygningane er. Frå 1.1.2022 vert ikkje avgifta rekna ut frå areal.

Brukabetingane på ansvar 3011 Stranda distrikt - sjukeheimen har høgare brukabetingar (art 16000 brukabeting og 16010 betaling for tenester) med til saman kr 1,3 mill høgare enn budsjett.

Ansvar 3020 Sunnylven distrikt

Har eit meirforbruk på kr 0,9 mill av ei netto ramme på 14,3 mill. Avviket utgjer 6,00% og kan forklarast med høgt sjukefråvær samt ein pandemi.

Ansvar 3050 Helsetenesta

- a) inntektene ligg vesentlig over budsjett for art 16000 brukabeting, med kr 1,6 mill, som gjeld refusjonar frå Helfo/legane.
- b) Det har vore utført meir arbeid som følgje av Covid`19 pandemien og TISK- tiltaka.
- c) Netto ramme er overskreden med kr 7,4 mill.
- d) Det er ført kr 5,1 mill på d120 Covid`19. Det er ikkje gjort budsjettendringar som følgje av Covid`19.
- e) Det er ikkje gjort budsjettendringar i drift som følgje av etablering av satellitt-legevakt i Geiranger eller legevaktsamarbeidet i Sykkylven og/eller Ålesund

Ansvar 6010 Kommunalteknikk/drift

- a) Mindreforbruk i forhold til netto ramme er på kr 1,1 mill, som kan forklarast med lågare lønnsutgifter, vedlikehald, leasing m.m. enn budsjettert – og mindre bruk av fond.
- b) I 2021 har det vore fokus på korrekt handtering av indirekte kostnadar
- c) I 2022 skal vi jobbe vidare med betre synkronisering mellom sjølvkostnoten og budsjett/rekneskap.

Ad. Linje 10 Lønnsutgifter

Lønnsutgiftene i 2021 var på kr 254,2 mill (2020 kr 241,7 mill). Dette er ein auke på kr 12,5 mill, som gir ei prosentvis auke på 5,1%.

I forhold til budsjettet er det brukt kr 18,1 mill meir enn budsjettert. For det kommunale foretaket er det brukt kr 0,5 mill mindre enn budsjettet.

Til samanlikning vart det mottatt sjukerefusjonar på konto 17100 med kr 12,4 mill (der det var budsjettert med kr 8,4 mill i inntekt frå sjukerefusjon).

Ad. Linje 11 Sosiale utgifter

Sosiale utgifter i det konsoliderte rekneskapen var på kr 52,0 mill (2020 kr 50,6 mill). Dette gir ei auke frå 2020 på kr 1,4 mill, som utgjer 2,8%.

På sosiale utgifter er det brukt kr 0,9 mill meir enn budsjettet.

Linje 12 Kjøp av varer og tenester

Konsolidert rekneskap viser utgifter til kjøp av varer og tenester med kr 110 390 525 (2020: kr 100 431 027), som er kr 15,0 mill meir enn budsjettet.

- a) Inventar og utstyr avvik på kr 0,8 mill, herav utgjer kommunalteknikk med kr 0,5 mill og IKT kr 0,3 mill. For IKT gjeld dette tilpasning til Covid`19 og heimekontor.
- b) Kjøp, leige og leasing av transportmidlar, mindreforbruk på kr 0,4 mill, hovedsaklig gjeld dette kommunalteknikk
- c) Vedlikehald av bygningar meirforbruk på kr 1,8 mill, derav kr 1,6 mill på vaktmestertenesta.
- d) Vedlikehald av utstyr mindreforbruk/kommunalteknikk på kr 3,7 mill
- e) Vedlikehald vinter, meirforbruk kr 0,7 mill. Posten er avhengig av vær og føre-forhold.
- f) Vedlikehald sommar, meirforbruk kr 0,7 mill.
- g) Vedlikehald kommar og anlegg, meirforbruk kr 0,5 mill
- h) Reinhald og vaskeritenester meirforbruk kr 0,3 mill, som kan vere naturleg i forhold covid`19
- i) For konsulenttenester er det eit meirforbruk på kr 4,0 mill, herav politisk leiing på kr 1,3 mill (SKS IKS (kontrollutvalg) og Møre og Romsdal revisjon). Rådmann på kr 2,1 mill (2,0 mill til NTNU for Grøn kai) og helsetenesta på kr 0,8 mill for vikarlege (Dedicare doctor as) og kommuneoverlegen.
- j) For pleie- og omsorg er det brukt kr 6,6 mill meir enn budsjettet til kjøp av tenester frå vikarbyrå, som kan sjåast i samanheng med kr 2,2 mill i mindreforbruk på lønn.

Linje 13 Overføringer og tilskot til andre (utgifter)

Konsolidert rekneskap viser kr 26 136 120 (2020: 26 523 766) som er kr 13,4 mill høgare enn budsjettet.

- a) Til statlige institusjonar, art 13000, viser mindreforbruk på kr 1,1 mill
(Sosialtenesta ansv. 3060)
- b) Til kommunar, art 13500, viser meirforbruk på kr 6,7 mill.
Rådmannen meirforbruk på kr 0,8 mill,
FAG, meirforbruk på kr 0,4 mill
Liabygda skule og barnehage, overforbruk på kr 1,0 mill
Møregata, viser mindreforbruk på kr 0,5 mill
Helsetenesta har meirforbruk på kr 3,7 mill for legevakt til Sykkylven og Ålesund kommunar
NAV har meirforbruk på kr 1,8 mill, fordi det ikkje er budsjettet på denne arten.
Kommunalteknikk har meirforbruk på kr 0,4 mill.
- c) Art 13700, driftsavtalar med private viser eit meirforbruk på kr 10,2 mill
Fag viser meirforbruk kr 1,9 mill og IKT kr 1,8 mill ,
Helsetenesta viser mindreforbruk på kr 0,8 mill
Sosialtenesta viser mindreforbruk på kr 0,4 mill

Kommunalteknikk har meirforbruk på kr 7,5 mill, dette gjeld ÅRIM (sjølvkost). Kr 6,8 mill er budsjettet på art 13750, som det ikkje er ført noko på.

Linje 14 Avskrivingar

Avskrivingane er med i driftsutgiftene og brutto driftsresultat, men motpost avskrivingar kjem inn før netto driftsresultat.

Frå 2021 er det budsjettet med avskrivingar og motpost avskrivingar for både kommunen og foretaket.

Rekneskapen for 2021 viser avskrivingar og motpost avskrivingar begge på kr 29,6 mill (2020 kr 28,0 mill) Auke frå 2020 er på kr 1,6 mill, som utgjer 5,7%.

Avviket i forhold til budsjett er kr 1,6 mill, som ikkje har resultateffekt, men påverkar framtidig minimumsavdrag.

I 2021 er det avvik også når det gjeld det kommunale foretaket. Avviket er påverka av korrigering av tidlegare års feil frå 2010.

Ad. Linje 15 Sum driftsutgifter

Driftsutgiftene i det konsoliderte rekneskapen vart på kr 472,3 mill (2020 kr 447,2 mill). Dette er kr 18,1 mill høgare enn budsjettet for summen av Stranda kommune og det kommunale føretaket. Ca kr 0,6 mill kroner av avviket kjem frå det kommunale føretaket. Hovudtyngda av avviket gjeld mangefull budsjettering av utgifter til momskompensasjon og bruk av vikarar.

Covid-19 pandemien påverka finansmarknaden

Renter i 2020: Finansområdet vart også påverka av covid-19 pandemien. Den medførte at børsane i verda fekk eit brått og betydeleg kursfall i mars 2020. For å motvirke dei negative effektane som pandemien fekk på økonomien/børsane, vart rentene redusert både nasjonalt og globalt. Renteinntektene og renteutgiftene vart i 2020 begge lågare enn det som var budsjettet.

Renteutgifter i 2021: For å halde renteutgiftene lågast mogeleg, vart årets lånepunkt utsett til i desember. Dette kunne gjerast fordi kommunen hadde eit likviditetslån/sertifikatlån med låg rente. I det konsoliderte rekneskapen vart renteutgiftene på kr 8 302 212 (2020: 11 028 876), som er kr 0,8 mill høgare enn budsjettet.

Renteinntekter i 2021: Renteinntektene i det konsoliderte rekneskapen var på kr 1 550 724 (2020: 2 185 087), som er kr 0,3 mill høgare enn budsjettet.

Brutto driftsresultat

Konsolidert rekneskap viser eit brutto driftsresultat på kr 2,3 mill (2020 -1,5 mill) Dette tilsvarer 0,5% av sum driftsinntekter.

Netto driftsresultat korrigert for sjølvkostområdet

Netto driftsresultat i det konsoliderte rekneskapen var på kr -1 661 765 (2020: -8 0841 079) Disponering av netto driftsresultat i 2021 viser at kr 10,0 mill kroner (2020: 9,9 mill kroner) av netto driftsresultat kjem frå netto inntekt frå sjølvkostområdet, og er bundne midlar mottatt i 2021, som skal og er avsett til bundne fond.

Det er vanlig å korrigere netto driftsresultat for netto avsetning til bunde fond. Netto avsetning til bundne fond/bruk av bundne fond var kr 2 723 190 (2020 kr 2 802 197).

Etter denne korrigeringa sitter Stranda kommune konsolidert igjen med eit korrigert netto driftsresultat på:

kr -1 661 765 -2 723 190 = - 4 384 955 som utgjer -0,9% av sum driftsinntekter.
(2020: -8 041 079 -2 802 197= -10 843 276 (-2,4%). Dette er ei klar og nødvendig forbetring frå 2020, som det må arbeidast vidare med.

Konsolidert rekneskap 2021 – investering

Konsolidert investeringsrekneskap viser sum investeringsutgifter på kr 77,0 mill (2020: kr 62,7 mill). Dette var kr 59,4 mill (2020: 55,0 mill) lågare enn føresett i samla budsjett. Årsaka i 2020 var manglende omattbudsjettering i løpet av året, på grunn av vakanse. Årsaka i 2021 var for optimistiske budsjett i forhold til framdrift.

Konsolidert investeringsrekneskap viser sum investeringsinntekter på kr 83,1 mill (2020: kr 62,0 mill). Dette var kr 54,1 mill (2020: kr 52,5 mill) lågare enn føresett, i samla budsjett. Årsaken til avviket i 2020 var er i hovudsak manglende ombudsjettering i løpet av året. Årsaken til avviket i 2021 var for optimistisk budsjett.

Vidareformidlingslån/startlån frå Husbanken var i 2021 budsjettert med 27,1 (2020: kr 1 mil). Rekneskapen viser vidareutlån kr 6,9 mill (2020: kr 10,5 mill). Bruk av lån til vidareutlån var budsjettert med kr 27,1 mill (2020: kr «0»).

Økonomisk utvikling og stilling over tid

Det er eit grunnleggande, lovfesta krav at kommuner skal ivareta den økonomiske handleevna over tid. Vidare er kommunestyret pålagt å vedta finansielle måltal som skal fungere som eigne handlingsreglar i budsjett og økonomistyring i kommunen. Det er vedtatt tre finansielle måltal for Stranda kommune, som vert kommentert i det følgjande.

Finansielle måltal

Finansielle måltal gjelder nøkkeltal for økonomistyring.

Dei finansielle måltala skal sikre at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Dei skal, saman med realistiske planar, vere eit verktøy som sikrar ei langsiktig og planmessige styring og

utvikling av kommunen sine tenester og økonomi. Stranda kommunestyre vedtok tre finansielle måltal:

KOM- 104/19 Samråystes vedtak:

Stranda kommune vedtek følgjande finansielle måltal, med tilhøyrande nivå, som førande for økonomiforvaltninga i kommunen:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 1,75%.
2. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsresultat – minimum 10 %.
3. Netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter – maksimum 100%.

Dei finansielle måltala er ikkje absolutte tal som må oppfyllast kvart einskild rekneskapsår, men mål som kommunen skal arbeide fram mot i den løpende økonomiforvaltninga.

1. Måltal for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – mimimum 1,75%.
Netto driftsresultat syner kva kommunen har igjen av løypande inntekter etter at løypande utgifter er trekt ifrå. I tillegg til inntekter og utgifter til den ordinære drifta er også finansinntekter og finansutgifter og avdrag på lån tekne med. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller setjast av til seinare bruk, og gir ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) rår til at netto driftsresultat over tid bør ligge på minimum 1,75% for at vi skal ha ei sunn utvikling i kommuneøkonomien.

For Stranda kommune åleine er situasjonen slik:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Måltal	2020	2021
Netto driftsresultat i kroner		-665 711	737 958
Brutto driftsinntekter		445 321 057	468 998 428
Netto driftsresultat i %	Minst 1,75	-0,15	0,16

Netto driftsresultat i den konsoliderte rekneskapen for 2021 viser – kr 1,7 mill (2020 -8,0 mill). I prosent av sum driftsinntekter utgjer dette -0,35% (2020 -1,8%).

Med bakgrunn i at Stranda Hamnevesen KF åleine hadde eit netto driftsresultat på -kr 2,4 mill (2020 kr -7,4 mill), er det fortsatt viktig å få snudd drifta i det kommunale føretaket snarast råd. Geiranger hamn har tidlegare stått for størsteparten av inntekta, frå cruise-næringa. No ligg cruise-næringa med broten rygg. Det er viktig å få cruise-næringa på føte igjen – og at restriksjonane for Geiranger hamn blir mest mogleg lempa i ei overgangsfase - til cruise-næringa har tilpassa seg dei nye rammevilkåra og infrastrukturen er på plass.

Stranda Hamnevesen KF driv hamnevesen, det vil seie næringsverksemd. Drifta til hamnevesen er ikkje inkludert i Stranda kommune sine rammetilskot eller skjønnsmidlar – og dersom kommunen må dekke opp kostnadene for verksemda, vil det gå ut over kommunen sine tenester.

Første steget mot å nå måltalet er å snu utviklinga, slik at det i det konsoliderte rekneskapen vert eit positivt netto driftsresultat. Her har Stranda Hamnevesen FK ei sentral rolle.

2. Måltal for disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 10 %.
Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- og/eller investeringsutgifter.

For Stranda kommune åleine er situasjonen slik:

2. Disposisjonsfond i % av driftsinntekter.	Måltal	2020	2021
Disposisjonsfond		8 291 162	5 612 993
Brutto driftsinntekter		445 321 057	468 998 428
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 10,0	1,86	1,20

For 2021 viser **den konsoliderte rekneskapen** eit samla disposisjonsfond på kr 33,4 mill (2020: kr 38,5 mill) som er ein reduksjon på kr 5,1 mill frå 2020. I % utgjorde disposisjonsfondet **7,1%**. Reduksjonen av disposisjonsfondet skyldes at Stranda Hamnevesen KF reduserte disposisjonsfondet frå kr 30,2 mill i 2020 til kr 27,8 mill i 2021 samtidig som kommunen også reduserte disposisjonsfondet frå 2020 kr 8,3 mill til 2021 kr 5,6 mill.

Det konsoliderte rekneskapen viser følgjande situasjon:

2. Disposisjonsfond i % av driftsinntekter.	Måltal	2020	2021
Disposisjonsfond		38 518 135	33 440 243
Brutto driftsinntekter		445 675 373	474 607 941
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 10,0	7,50	7,05

Det er positivt at det konsoliderte rekneskapen viser eit så godt resultat som 7,10%. Det er Stranda Hamnevesen KF som «dreg lasset» her, med kr 27,8 mill i disposisjonsfond åleine.

Noko av bakgrunnen for Stranda Hamnevesen KF sitt disposisjonsfondet er overskot for 2018 på NOK 9.682.423,- som vart overført til disposisjonsfond. I følgje vedtak i styret og i kommunestyret så skulle heile overskotet nyttast til innbetaling av ekstraordinære avdrag på lånegjeld. Det vart i 2019 innbetalt eit ekstra avdrag på nok 3 000 000,-. I 2020 var det ikkje betalt inn ekstraordinære avdrag.

I den marknadsmessige og økonomiske situasjonen som Stranda Hamnevesen KF er i, vil disposisjonsfondet reduserast framover, dersom det ikkje vert satt i verk ytterlegare tiltak. Det er viktig at alle driftsutgiftene i verksemda vert halde på eit minimumsnivå til marknaden har tilpassa seg dei nye rammevilkåra.

3. Måltal for netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter – maksimum 100%.

Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter gir uttrykk for i kor stor grad kommunen er eksponert mot endringar i rentenivået. Endringar i rentenivået har direkte innverknad på kva nivå kommunen kan ligge på når det gjeld produksjon av tenester til innbyggjarane finansiert av kommunekassa. Kommuner med høg lånegjeld får bunde opp ein større del av sine årlege driftsinntekter i renter og avdrag. Vidare vil kommuner med høg gjeldsgrad vere utsette for høgare renterisiko, og bør derfor gjere vurderingar i forhold til å binde delar av lånerenta.

Det konsoliderte rekneskapen viser sum langsiktige lån på kr 816,3 mill (2020: kr 750,6 mill). Utlån til andre (Startlån) utgjer kr 24,4 (2020: kr 20,9 mill). Lån til ideelle organisasjoner utgjer kr 0,0 mill (2020: 1,0 mill). Lån til sjølvkostområda utgjer kr 166,4 mill. Renteeksponert lånegjeld bør korrigeras for innskot. Korrigert for innskot vert netto lånegjeld **kr 430 mill**.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter utgjer **92%**.

1% auke i rentenivået, vil auke netto renteutgifter til Stranda kommune åleine med kr 4,3 mill. Norges Bank har pr utgangen av mars heva styringsrenta frå 0,5 til 0,75%. I tillegg har dei varsle ytterlegare 7 rentehevingar i løpet av 2022/2023. Forutsett at kvar rentehevning er på 0,25% vert ny styringsrente 3,0%. I skrivande stund har Russland invadert Ukraina, som påverkar bankane sine marginar og rentemarknaden.

For Stranda kommune åleine er situasjonen slik:

Netto lånegjeld	Måltal	2021	2020
Sum langsiktig gjeld inkl sertifikatlån		757 676 967	689 483 780
Lån til VAR området	VAR 20 års avskrivning	17 254 933	12 586 365
Lån til VAR området	VAR 40 års avskrivning	149 140 642	142 432 545
Startlån/utlån		24 428 676	20 864 901
Bankinnskot		136 870 629	95 445 361
Netto langsiktig lånegjeld ekskl. sertifikatlån/innskot		429 982 087	418 154 608

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsutgifter	Måltal	2021	2020
Netto driftsresultat i kroner		737 958	-665 711
Brutto driftsinntekter		468 998 428	445 321 057
Netto driftsresultat i %	Minst 1,75%	0,16	-0,15

2. Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Måltal	2021	2020
Disposisjonsfond pr 31.12.		5 612 993	8 291 162
Brutto driftsinntekter		468 998 428	445 321 057
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 10%	1,20	1,86

3. Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Måltal	2021	2020
Brutto driftsinntekter		468 998 428	445 321 057
Netto lånegjeld i kroner		429 982 087	418 154 608
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maksimum 100	92	94

Økonomisk stilling- og handleevne over tid

For å ha økonomiske handleevne over tid er det viktigast å ha god likviditet. Dårleg likviditet vil gå ut over alt kommunen ønsker å gjøre – det vil gå ut over handleevna og tenestetilbodet.

Pr 31.12.2021 hadde kommunen likviditetslån på kr 30,0 mill, for å dekkje store likviditetsmessige svingingar. Likviditeten pr 31.12.2021 var god mellom anna på grunn av ubrukte lånemidlar på kr 77,0 mill og likviditetslånet på kr 30,0 mill. Likviditetslånet vart innfridd ved forfall i 2022.

Dei økonomiske måltala må brukast for å få berekraftig økonomisk utvikling. Det er måltalet for netto driftsresultat som bør stå i fokus på 1,75%. Når sum inntekter er på kr 474,6 mill i det konsoliderte rekneskapen burde netto driftsresultat vere på kr 8,3 mill. For 2021 var netto driftsresultat -kr 1,7 mill. Differansen utgjer kr 10,0 mill og kan verte nådd ved å auke inntektene, reduksjon i utgiftene – eller ein kombinasjon av disse.

Dei eksterne finansutgiftene (renter og avdrag) skal betalast før utgifter til interne utgifter som lønn, kjøp av varer og tenester med vidare.

Det er kommunen sitt ansvar å gi innbyggjarane rett teneste, til rett tid på rett nivå innafor dei økonomiske rammene som kommunen har. For å ivareta den økonomiske handleevna over tid, må ein før ein iverksett nye tiltak, vurdere korleis det nye tiltaket slår ut i forhold til dei finansielle måltala. Denne vurderinga bør inngå i alle politiske saker. Det bør leggast vekt både på økonomien i investeringsbudsjettet/rekneskapen, årlege driftskostnadene og livsløpskostnadene.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap –2021 - DRIFT

Utgangspunkt for identifikasjon av beløpsmessige avvik er regulert budsjett og endelig regnskap i de pliktige budsjett- og regnskapsoppstillingene etter «[Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.](#)» §§ 5-4 (bevilningsoversikt drift) og 5-5 (bevilningsoversikt investering) vurdert etter fastsatte vesentlighetsgrenser fra planleggingsfasen».

Det er noko uklart kva som definerer eit vesentleg avvik. Rådmannen har valt å sette grensa for eit vesentleg avvik på 10% av justert budsjett. Det betyr at berre avvik som er høgare enn 10% vil verte analysert.

Nedanfor er rekneskapsskjemaene gjengitt saman med ei utreiing av avvika der desse overstig 10% av justert budsjett eller der beløpet er vesentleg. Tabellane kjem først og så forklaring på den enkelte linjen i rekneskapsskjemaet.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – økonomisk oversikt drift 2021

Tabellen nedanfor viser økonomisk oversikt drift, med avvik i kroner og avvik i %.

Det er dei linjene som har avvik på meir enn +/-10% som vert kommentert – i kombinasjon med vesentlige beløp. Vesentlegheit når det gjeld beløp er sett til 1,0% av sum inntekter (kr 469 mill), kr 4,7 mill. Forklaringa til avvika kjem etter tabellen.

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap 2020	Oppr.budsjett	Reg. budsjett	Regnskap 2021	Avvik	
					R - B	%
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	155 738 087	145 117 000	145 667 000	156 512 616	10 845 616	7,4
2 Inntekts- og formuesskatt	129 631 344	143 031 000	143 031 000	148 696 785	5 665 785	4,0
3 Eiendomsskatt	15 413 194	13 296 024	13 296 024	13 486 974	190 950	1,4
4 Andre skatteinntekter	192 660	201 208	201 208	250 372	49 164	24,4
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	14 831 817	8 180 476	11 185 476	16 994 801	5 809 325	51,9
6 Overføringer og tilskudd fra andre	57 489 479	25 458 946	26 058 946	59 922 166	33 863 220	129,9
7 Brukerbetalinger	23 980 716	24 135 206	24 135 206	26 660 126	2 524 920	10,5
8 Salgs- og leieinntekter	48 043 761	49 542 148	49 992 148	46 474 588	-3 517 560	-7,0
9 Sum driftsinntekter	445 321 057	408 962 008	413 567 008	468 998 428	55 431 420	13,4
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	239 368 429	231 309 154	233 923 811	252 447 914	18 524 103	7,9
11 Sosiale utgifter	50 000 157	51 267 596	50 540 492	51 620 574	1 080 082	2,1
12 Kjøp av varer og tjenester	98 249 192	95 698 405	95 398 405	107 264 158	11 865 753	12,4
Det økonomiske resultatet i 2021 viser eit mindre forbruk for eininga. Går ein nærmare inn i tala vil ein sjå at dette er midlertidig og kortvarig. Det har vore eit mindre forbruk på lønn grunna vakans på Frivilligsentralen, psykolog og sjukdom ved avdelinga. Vidare har det kome auka midlertidige inntekter frå IMDI og ein reduksjon av utgifter innan Flykting dår vi har bygt ned tilbodet til ei 20% stilling. Det har vore mindre kjøp i 2021 av statlege tiltak i barnevernet. Dette er utgifter som vil variere frå år til år, ut i frå antal saker og behovet brukarane våre har.

3070 NAV

Årsak til mindreforbruk ved NAV skuldast eit stort mindreforbruk på sosialhjelp.

At NAV har hatt eit mindreforbruk for 2021 skuldast i hovudsak følgjande:

- At vi har fått folk i arbeide.
- At vi på statleg side fekk midlar til koronastilling i 2021.
- Statlege ytingar som dagpengar og arbeidsavklaringspengar blei forlenga grunna koronasituasjonen.

NAV hadde på statleg side tilført ekstra stillingar knytt til korona samt eit unormalt stort tiltaksbudsjett. NAV Sykkylven-Stranda brukte i 2021 kr 28 848 040 kr på arbeidsretta tiltak for å få folk i arbeide. Tiltaksmidlar, lav arbeidsløyse og ekstra bemanning ved NAV gjorde at vi fekk mange med nedsett arbeidsevne i arbeide i 2021 som blir synleg på sosialhjelpsutbetalingane.

4010 Kulturskulen, 4011 Biblioteket, 4012 Kultur/idrett

- Ansvar 4012 Kultur/idrett har hatt reduserte lønskostnadars som har sikra eit underforbruk på kr. 206 671. Noko reduserte leigeinntekter i perioden.
- Ansvar 4011 Bibliotek hadde kr. 133 302 i meirforbruk. Dette skuldast høgare lønskostnadars enn budsjettert, samt kr. 45 218 premieavvik pensjonskostnadars. Det er inga auke i bemanninga.
- Ansvar 4010 Kulturskulen hadde kr. 284 580 i meirforbruk. Dette skuldast høgare lønskostnadars enn budsjettert, samt kr. 202 980 premieavvik pensjonskostnadars. Det er også noko lågare inntekter enn budsjettert.
- Eininga hadde auka kostnadars knytt til pandemien, hovudsakleg forsterka reinhald.

5010 Plan, miljø og næring

Mindreforbruket på ansvar 5010 er som følgje av:

1. Teneste 5101 – Kart- og oppmålingsteneste har hatt vesentleg høgare inntekter enn budsjettert.
2. Teneste 5102 og 5103 – Ein stilling fordelt på byggesak og planarbeid har stått vakant heile 2021.

6010 Kommunalteknikk;brannvern

Det har vore ei omlegging av metoda for sjølvkostrekneskapen inn i rekneskapen. Indirekte kostnadars er ikkje fordelt ut til rådmann, økonomiavdelinga, personalavdelinga, servicekontoret eller IKT. Dermed skal sjølvkostområdet gå med eit overskot. Dette overskotet skal dekkje indirekte kostnadars i administrasjonen samt sjølvkost sin del av renter og avdrag.

7010 Vaktmeisterteneste/ 7030 Hus til utleie

Meirforbruk skyldast i si heilheit høge straumrekningar i november og desember.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – investeringsprosjekt 2021

Investeringsprosjekt – avvik

Når det gjeld avvik på investeringar, har vi valgt å vise heile investeringsoversikta, og ikkje berre dei prosjekta som har vesentlege avvik. I 2021 har kommunen sett vesentlegheitsgrensa til kr 1 500 000 (1,5 mill kr).

Tabellane kjem først, deretter kjem forklaringane til avvika mellom rekneskap og budsjett (Avvik R-B).

Investeringar - prosjekt tal i 1000 kr		Regnskap 2020	Budsjett oppf	Budsjette ndring	Budsjett inkl. endring	Regnskap 2021	Avvik R-B
1000	FINANSIERING	-44 270	-44 944	-55 232	-100 176	-43 968	56 208
1010	SAL AV AKSJAR	0	0	0	0	-181	-181
1020	ETBALERINGSLÅN	-15	0	0	0	-3	-3
1021	UTBETRINGSLÅN	4	0	0	0	0	0
1022	STARTLÅN	-2 114	-2 000	-100	-2 100	-2 083	17
1200	UTSTYR DATA	258	264	0	264	217	-47
1214	KVITEVARER	0	0	200	200	0	-200
1215	DIGITALISERING AV ARKIV	0	600	0	600	293	-307
1216	NIBBDALEN FIBERRØR	593	0	0	0	0	0
1800	EIGENKAPITALINNSKOT KLP	1 022	0	-187	-187	913	1100
2001	DATAUTSTYR SKULANE	540	520	0	520	535	15
2014	RINGSTAD SKULE - BRANNSIKRING	17	800	1 573	2 373	59	-2 314
2015	RINGSTAD SKULE - ENØK	0	0	0	0	0	0
2023	SUNNYLVEN SKULE - REHABILITERING	12 327	28 080	16 373	44 453	31 751	-12 701
2043	Garderobe Synnylven skule 030 21	0	0	4 700	4 700	0	-4 700
2070	RINGSTAD BARNEHAGE - TAK	667	0	0	0	0	0
2901	Sunnylven barnehage - Brannvarsling	68	0	0	0	0	0
3019	STRANDA DISTRIKT - REHABILITERING SOLBAKKEN	152	0	0	0	0	0
3022	STRANDA DISTRIKT - TRYGGLEIKSALARMAR	4	400	116	516	238	-278
3027	SUNNYLVEN DISTRIKTVENTILASJONSANLEGG	280	0	0	0	0	0
3028	STRANDA DISTRIKT - DIMENSJONERING AV HELSE- OG OM SORG	0	800	620	1 420	395	-1 025
3040	AVLASTNING/SPECIAL-SFO AMBULANSESTASJONEN	703	0	418	418	11	-407
3050	LEGEVAKTSATELITT GEIRANGER	0	0	233	233	212	-21
4022	STORFJORD KULTURHUS - MÅLING	160	0	0	0	0	0
4023	FRILUFTSTRASÉ STRANDA FJELLET	1 278	0	0	0	0	0
4100	KYRKJELEG FELLESRÅD	196	320	0	320	400	80
5021	Sal av industritormt Hellestilt sentrum 062 21	0	0	-5 800	-5 800	-5 937	-137
5022	Hellestilt ferjekai - offentlig privat samarbeid 063 21	0	0	5 800	5 800	5 000	-800
5101	GEOVEKST FLYFOTO	225	200	0	200	0	-200
5310	Fossevandring Geiranger	-330	0	0	0	0	0
5312	STRANDSITJAR MONUMENT	0	0	500	500	0	-500
5350	DET STORE BILDET	0	0	1 000	1 000	0	-1 000

Tabellen fortset på neste side.

Investeringar - prosjekt tal i 1000 kr		Regnskap 2020	Budsjett oppf	Budsjette ndring	Budsjett inkl. endring	Regnskap 2021	Avvik R-B
6001	FJERNVARMEMANLEGG	5 182	0	3 545	3 545	643	-2 901
6023	KJØP AV GRUNN ØDEGÅRD - UTESEKSJON	0	2 000	0	2 000	0	-2 000
6043	VEGHØVEL	0	0	0	0	-230	-230
6080	VA HEVSDALEN	98	0	3 600	3 600	138	-3 463
6086	AVLØP HELLESYLT	18	0	982	982	0	-982
6093	PUMPESTASJON HELSEMVIKA (VAR)	171	0	0	0	0	0
6094	PUMPESTASJON GEIRANGER	0	0	432	432	0	-432
6128	BRU STORELVA UTBEDRING	286	4 800	1 065	5 865	639	-5 226
6130	ASFALTERING	845	800	0	800	675	-125
6134	TRAFIKKTRYGGING	76	0	266	266	39	-227
6141	UTSTYR BRANNVERN	158	160	42	202	157	-45
6146	BIL BEFAL/UTRYKNING (BRANN)	0	0	1 031	1 031	909	-121
6152	GANGVEG ØDEGÅRD	597	0	0	0	98	93
6153	BRANNBIL - STRANDA	122	0	0	0	0	0
6154	BRANNSTASJON GEIRANGER	312	0	2 492	2 492	1 359	-1 133
6156	SAL AV BRANNBIL	-150	0	0	0	0	0
6157	TRAFIKKTRYGGING - BUSSTOPP STORGATA	0	200	0	200	336	136
6158	SKIBRU/VEGBRU Langlofonna, Blådalslia	0	0	5 376	5 376	0	-5 376
6161	Ikkje i bruk Veghøvel er på nr 6043 - SAL AV	0	0	-230	-230	0	230
6162	ISSKJER TIL TRAKTOR	0	0	140	140	139	-1
6176	STRANDVEGEN ETERNITTSANERING VAR	-543	0	0	0	0	0
6177	HEVSDALEN HØGDEBASSENG (VAR)	69	0	0	0	0	0
6179	VATN/AVLØP ØDEGÅRD - INDUSTRI	320	0	2 983	2 983	228	-2 755
6193	KUM PÅ KJØLEN	1 971	0	4 300	4 300	4 289	-11
6200	Byggefelt Liabygda 2006	110	0	200	200	0	-200
6201	BYGGEFELT HELLESYLT - VEG	360	4 000	1 240	5 240	176	-5 064
6205	BYGGEFELT GEIRANGER (m.a. Berg a)	0	0	500	500	331	-169
6206	KOPANE	4 488	0	754	754	705	-49
6207	BYGGEFELT STRANDA - PROSJEKTERING	0	0	768	768	0	-768
6212	TOMTESAL UTANFOR BUSTADFELT	0	0	0	0	0	0
6215	TOMTESAL BYGGEFELT STRANDA	-39	0	0	0	0	0
6216	TOMTESAL LIA BYGDA	-140	0	0	0	-133	-133
6230	Utbygging savtalar	-1 682	0	0	0	-762	-762
6232	KRYSS FV60-FURSETRESET	13 380	0	0	0	-8	-8
6234	Grunnkjøp renosasjon Fursetsida Hevdalen 048 21	0	0	200	200	84	-116
6262	RENSEANLEGG AVLØP HELLESYLT VAR	0	1 000	0	1 000	442	-558
6707	BELYNSNING SENTRUM STRANDA	101	0	0	0	0	0
6950	JUSTERING MVA BLÅDALSIA AS bru og VA	0	0	0	0	-187	-187
9538	AVDRAG HUSBANKEN 13542698 UTLÅN 2002	2 133	2 000	100	2 100	2 085	-15

Investeringsrekneskapen – avvik – på prosjektnivå

P.nr. 2014 – Ringstad skule – Brannsikring: Anbodsutarbeiding oppstarta, arbeid vil foregå i 2022.

P.nr. 2023 – Sunnylven skule - Rehabilitering: Prosjektet starta i 2020 og rehabiliteringa av skulen vart slutført til jul 2021. Elevar og lærarar tok i bruk bygget frå januar 2022. Fortsatt står att ein del arbeid på uteområdet og ferdigstilling av garderobedelen. Det er ikkje avvik i høve til kommunestyret sine løyvingar – men ein går i null i høve til løyvingane. Uteståande faktura og avvik på rebudsjettering frå år til år kan vere årsak til stort mindreforbruk i oversikta ovanfor. Mindreforbruk i 2021 må rebudsjetterast til 2022.

P.nr. 6001 – Fjernvarmeanlegg: Prosjektet pågår, fase 1 - kartlegging og fase 2 - gjennomføring av tiltak er gjennomført. Fase 3 – pågår. Dette er ei 5-årig energisparekontrakt med AF-gruppen, som varer fram til 2026. Dersom prosjektet fører til innsparing i kw-timer, skal AF-gruppen ha utbetalt ein bonus. Bonusperioden er ein del av investeringsprosjektet.

P. nr 6023 kjøp av grunn Ødegård – uteseksjonen

Vi er i dialog med grunneigar, men forhandlingar med grunneigar er ikkje fullført på grunn av manglande kapasitet hos kommunen.

P. nr. 6080 – VA Hevdalen: Prosjektering og anbodsutlysing er utført i 2021, brukta ca. 4 % av budsjett. Kontrakt signert 07.01.2022. Oppstart bygging VA 02.02.2022. Ferdigstilling 30.09.2022. Det var løyvd kr 3,6 mill i 2021, prosjektet kunne ikkje startast før løyvinga var på plass, slik at dette er ein vanleg progresjon på VA-prosjekt.

P.nr. 6094 – Pumpestasjon Geiranger: Prosjekt ikkje oppstarta.

P.nr. 6128 – Bru Storelva Utbetring: Kontrakt signert 23.09.2021 . Oppstart utbetring bru 30.11.2021, utført i 2021 ca. 11%. Ferdigstilling 15.08.2022. Prosjektet kunne ikkje startast før løyvinga var på plass, slik at dette er ein vanleg progresjon på eit veg-prosjekt.

P.nr. 6154 – Brannstasjon Geiranger: Ein har no fått inn anbod på infrastruktur (veg, vatn, avløp mm). Sjølve stasjonen er no prosjektert fullt ut og ein har komt fram til avtaleforslag med leigetakar Helse MR. Sak om dette i kommunestyret april 2022. I saka vert oppsummert løyvingar hittil og bruken av midlar hittil. Ein legg der opp til ei samla vurdering av totalkostnaden. Mindreforbruk i 2021 må rebudsjetterast til 2022. Her har det vore brukt lang tid til ein god planleggingsprosess, for å sikre økonomien, finne eit rassikkert område, beskrive og planlegge funksjonaliteten og forhandle med eventuell leigetakar.

P.nr. 6158 – Skibru/vegbru Langlofonna: Brua er på plass og ein har dialog om fakturering. Mindreforbruk i 2021 må rebudsjetterast til 2022. Utbygginga skjer av private og finansieringa skjer via utbyggingsavtalen. Kommunen er derfor avhengig av framdrift hjå private aktørar før ein kan belaste prosjektet.

P.nr. 6179 – Vatn(avløp Ødegård – Industri): Prosjektet har stått på vent under koronarestriksjon . Prosjektering startar opp igjen i 2022.

P.nr. 6201 - Byggefelt Hellesylt – Veg: Løyving 5,2 mill i 2021. Framdrifta er forseinka på grunn av at det måtte gjennomførast ei geologisk vurdering før oppstart – i tillegg måtte grunnen kjøpast ut. Prosjektering og reguleringsarbeid vart starta i 2021. Forventa byggestart i løpet av andre halvdel av 2022.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – bevilgningsoversikt investering – 2021

Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)	Regnskap 2020	Oppr. budsjett 2021	Regulert budsjett 2021	Regnskap 2021	Avvik R-B 2021
1 Investeringer i varige driftsmidler	56 945 919	51 270 000	105 057 532	73 241 691	-31 815 841
2 Tilskudd til andres investeringer	73 936	4 160 000	9 535 675	187 238	-9 348 437
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 021 585	-	4 813 358	913 358	-3 900 000
4 Utlån av egne midler	-	-	-	-	-
5 Avdrag på lån	-	-	-	-	-
6 Sum investeringsutgifter	58 041 440	55 430 000	119 406 565	74 342 286	-45 064 279
7 Kompenasjon for merverdiavgift	9 015 024	10 486 000	18 700 722	10 079 042	-8 621 680
8 Tilskudd fra andre	2 503 416	-	-	18 226 121	18 226 121
9 Salg av varige driftsmidler	2 252 510	-	6 057 076	6 886 572	829 496
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	181 084	181 084
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-	-
13 Bruk av lån	43 577 553	44 944 000	95 475 485	45 122 356	-50 353 129
14 Sum investeringsinntekter	57 348 503	55 430 000	120 233 283	80 495 175	-39 738 108
15 Videreutlån	10 502 743	5 000 000	27 116 000	6 880 855	-20 235 145
16 Bruk av lån til videreutlån	10 502 743	5 000 000	27 116 000	6 880 855	-20 235 145
17 Avdrag på lån til videreutlån	2 132 589	2 000 000	2 100 000	2 085 461	-14 539
18 Mottatte avdrag på videreutlån	936 677	2 000 000	2 100 000	2 160 830	60 830
19 Netto utgifter videreutlån	1 195 912	-	-	-75 369	-75 369
20 Overføring fra drift	-	-	-	-	-
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	1 195 912	-	-	-5 073 960	-5 073 960
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	3 119 369	-	-826 718	-461 361	365 357
23 Dekning av tidligere års udekke beløp	-3 119 369	-	-	-692 937	-692 937
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1 195 912	-	-826 718	-6 228 258	-5 401 540
25 Fremført til inndeckning i senere år(udekket beløp)	692 937	-	-	-	-

Ad linje 1 Investeringer i varige driftsmidler

Budsjettet er vesentlig høgare enn det som kommunen har klart å gjennomføre. Det var tilsvarande framdrift i både 2019 og 2020. Investeringsplanane bør vere meir realistiske i forhold til framdrift.

Ad linje 2 Tilskot til andre sine investeringar

Opprinnelig Budsjettet gjeld kr 4,0 mill til prosjekt 6201 Byggefelt Hellesylt – veg og kr 0,16 mill til prosjekt 6141 utstyr brannvern. I tillegg er prosjekt nr 6158 Skibruk/vegbru Langlofonna omattbudsjettert frå 2020 med kr 5,376 mill. Årsaka til avviket på kr 9,3 mill er at framdrifta i prosjektet var for optimistisk.

Ad linje 3 Investeringer i aksjer og andelar

Det er budsjettert med utgift kr 5,0 mill på konto nr 35290 (kjøp av aksjar og andelar) som gjeld prosjekt nr 5022 Hellesylt fergekai – offentleg privat samarbeid, som er finansiert på konto 39580 (bruk av bunde investeringsfond) på same prosjektnummer.

Budsjettet er redusert med kr 186 642 som gjeld KOM 104/21 kjøp av aksjar og andelar KLP.

Rekneskapen viser kjøp av aksjar/andelar i KLP med kr 913 358, som er lik budsjettert for dette formålet.

Ad linje 6 Sum investeringsutgifter

Sum investeringsutgifter er ein sumfunksjon av utgiftene i investeringsrekneskapen. Når det er stort avvik på investeringar, linje 1 – 5, vert det også stort avvik på sum investeringsutgifter.

Ad linje 8 Tilskot frå andre

Her er det ikkje budsjettert noko beløp. Det er rekneskapsført inntekt kr 16,5 mill i justering for momskompensasjon på art 38900 (overføringar frå private). Motposten utgiftsføring på art 32300 (investeringar i nybygg og nyanlegg) med kr 16,5 mill i utgifter. Totalt sett går dette i «0» i investeringsrekneskapen. Dette er gjort for å overta følgje opp avtale om overføring av justeringsrett mellom Blådalslia As og Stranda kommune.

Det er også mottatt kr 1,3 mill for tilkoplingsgebyr/anleggsbidrag og diverse oppdrag og kr 250 000 for prosjekt 2023 Sunnylven skule – rehabilitering som gjeld Kulturrom.

Ad linje 13 bruk av lån

Bruk av lån er tatt inn i investeringsrekneskapen for å finansiere gjennomførte investeringar. Avviket har stor samanheng med linje 1 – 5. Investeringsrekneskapen skal vere i balanse, det vil seie at sum inntekter skal vere lik sum utgifter. Dermed er det berre inntektsført nødvendig bruk av lån for å balansere ut utgiftene. Resten av årets låneopptak står på memoriakonto.

Ad linje 14 Sum investeringsinntekter

Sum investeringsinntekter har ein stor samanheng med sum investeringsutgifter, fordi rekneskapen skal blanserast ut i «0». Når det er stort avvik på investeringer i anleggsmidlar vert det også stort avvik på sum investeringsutgifter og sum investeringsinntekter.

Ad linjene 15, 16, 17, 18 og 19

Dette gjelder vidareformidlingslån, det vil seie startlån og liknande. Her ser det ut som vidareutlån – og bruk av lån til vidareutlån som bør budsjetterast betre i framtida. Det var stor etterspørsel etter Startlån tidleg på året, seinare fall etterspørselen etter Startlån.

Ad linje 21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond

Å få avvik på avsetning til eller bruk av bundne fond er ikkje uvanlig. Med bakgrunn i at dette gjelder avsetning til og bruk av bundne fond, vert ikkje beløpet vurdert til å vere vesentlig. For budsjettprosessen 2023, må det gjerast ei ny vurdering på praksisen innafor sjølvkostområda.

Avvik Stranda Hamnevesen KF

Vesentlige avvik frå vedtak i kommunestyret som gjeld budsjettramma og oppsummering av investeringar og ubrukte lånemidlar pr. 31.12 2021: Det er budsjettert med eit underskot/meirforbruk på ca. 6,4 million kroner i 2021. Dette er redusert til eit underskot/meirforbruk på ca. kr 2,5 million kroner. Årsaka til dette er at Norge opna opp grensene i august 2021 og Stranda hamnevesen kunne ta i mot ca. 22 cruiseanløp hausten 2021. Stranda hamnevesen har ei høg lønegjeld og har betalt renter og avdrag på ca. kr 3 million, fullt ut. Til samanlikning var samla driftinntekter i 2020 på kr 1 507 000,-.

	Reknskap 2021	Budsjett 2021
Langsiktig gjeld	63 212 752	64 078 945
Samla driftsinntekter	5 797 313	1 292 000
Avvik drift mellom budsjett og reknskap	4 505 313	
Investeringar	389 679	17 000 000

På grunn av mangel på avklaringar frå myndighetene og styret sine strategiske vurderingar, har styret ikkje funne det forsvarleg å setje i verk planlagde investeringar i Geiranger og på Stranda.

Oppsummering investering – og ubrukte lånemidlar - kommunen

Det er behov for å rebudsjettere investering i anleggsmidlar med kr 45 mill (2020 kr 51,0 mill).

Ubrukte lånemidlar er på kr 75,3 mill (2020: 32,7 mill). Teoretisk sett bør det ikkje vere differanse mellom rebudsjettering av investeringar og ubrukte lånemidlar.

Investeringsbudsjetta bør vere realistiske i forhold til framdrift og investeringsrammer det enkelte år.

Investeringsprosjekta bør budsjetterast brutto (inklusive moms) for dei områda som er omfatta av momskompensasjon. Inntekt frå momskompensasjon bør gå til fellesfinansiering.

Investeringsprosjekta som gjeld sjølvkostområda bør budsjetterast eksklusive mva.

Folkehelsearbeidet

I 2019 vart det tilsett folkehelsekoordinator i 50% stilling. Folkehelsearbeidet i Stranda kommune skal vere forankra i gjeldande lovverk, statlege føringar og kommunale planar. Dei lokale folkehelsemåla skal bygge på FNs berekraftmål og dei nasjonale folkehelsemåla. Under ser ein nokon av oppgåvane som er arbeida med i 2021.

Folkehelseoversikt

Det vart i 2020 utarbeid eit oversiktsdokument over folkehelsa i Stranda kommune.

Oversiktsdokumentet skal ligg føre ved oppstart av arbeidet med planstrategi etter Plan og bygningslova § 7-1 og 10-1 og skal utarbeidast kvart fjerde år.

Folkehelsearbeid i 2021

- Samarbeid med ungdomsklubb, tildeling av midlar og en tilsett frå sosialtenesta som er der som trygg vaksen for ungdommane (ikkje ein del av drifta).
- kommunen er ei del av Sunnmøre friluftsråd/Stikk UT! Og planlegg fleire turar i 2022 enn tidlegare.
- Facebook og Instagram profil for folkehelse Stranda for å lettare nå ut med informasjon til innbyggjarane.
- Hatt meir fokus på uorganiserte tilbod og aktivitetar for å førebyggje utanforskap, integrering/inkludering, meistring - god fysisk og psykisk helse. Derav vidare arbeid med sykkelprosjekt pumptrack/sykkelbane.
- Oppfølgingsmøta basert på Ruspolitisk handlingsplan og tildeling av midlar til førebyggande arbeid. Midlane kjem frå skjenkeløyve.
- Orientering om funn frå Ungdata kartlegginga frå 2020 i kommuneleiing, politisk leiing og drøfting av funna i Ungdomsrådet.
- Samarbeid med kommunal fysioterapeut og ergoterapeut. Det er oppretta eit innsatsteam som skal sørge for at fleire eldre kan bu heime lengre.
- Oppstart prosjekt utstyrsbod – utstyr til utlån for alle.
- Sørgja for halltid til dei som ønskjer å spele andre ballaktivitetar enn fotball og handball.
- Folkehelsekoordinator er ein del av planforum.

- folkehelsekoordinator har deltatt i diverse politiske møter i HOK (helse, oppvekst og kultur), kommunestyret, ungdomsrådet og i dialogmøte, og har tidvis hatt opplæring av folkevalde.
- Stranda kommune er ei Av-Og-Til kommune, dette samarbeidet har vore tettare i 2021.

Internkontroll og høg etisk standard

Høg etisk standard

Kommunestyret gjorde i sak KOM 070/15 vedtak om etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Stranda kommune. Retningslinene pålegg kommunestyret, rådmannen og einingsleiarane å utvise eit leiarskap basert på høg etisk standard.

Det er nedfelt at det skal orienterast om dei etiske retningslinene ved samlingar for nytilsette. Alle nytilsette får i tillegg tilsendt til ei kvar tid dei gjeldande etiske retningslinjer. Det skal orienterast om dei etiske retningslinene ved opplæring av folkevalde.

Internkontroll

Etter kommunelova §14-7 d) skal det i årsmeldinga gjerast greie for «*tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten*».

Stranda kommune har eit heilheitleg kvalitetssystem som omfattar tilsette og drifta av kommunen. Kvalitetssystemet er eit viktig verktøy for atkommunen skal oppfylle krav i henhold til kommunelova sine bestemmingar i kapitel 25 om internkontroll.

Målet med kvalitetssystemet er at alle medarbeidarane skal kunne utføre arbeidsoppgåvene sine i henhold til lover og forskrifter, avtalt nivå, metode, standard og kvalitet.

Systemet inneholder avviksmodul, varslingsmodul, dokumentbibliotek, ROS modul, GDPR modul og årshjul og sikrar at Stranda kommune planlegg, organiserer, utfører og vedlikeheld sine aktivitetar i samsvar med gjeldande regelverk og mål for verksemda.

I 2021 var det meldt 384 avvik, mot 318 i 2020. Av dei totalt innmeldte avvika i 2021 er 355 lukka og 26 under handsaming.

Ein minner stadig om at avvik skal meldast samtidig som ein arbeider kontinuerleg med opplæring i avvik- og kvalitetssystemet for å få fleire til å rapportere inn avvik og forstå viktigeita av dette.

HMS rådgjevar er systemadministrator for kvalitetssystemet. Våren 2022 skal systemet oppgraderast til ny versjon med betre og meir moderne layout. Oppgraderinga vil også medføre auka fokus på sjølve systemet og ny opplæring for alle tilsette.

Stranda kommune kjøper bedriftshelseteneste med Avonova. Tenesta skal dekkje behovet for HMS-oppfølging og hjelp i høve til § 3-3 i Arbeidsmiljølova, Forskrift om organisering, leiing og medverknad kapittel 13 og Forskrift om systematisk HMS-arbeid § 5. Bedriftshelsetenesta skal hjelpe arbeidsgjevar, arbeidstakarane, arbeidsmiljøutval og verneombod med å skape sunne og trygge arbeidstilhøve, ref. § 3-3 i Arbeidsmiljøloven.

I 2021 har Avonova i hovudsak bistått Stranda kommune innan risikovurdering av arbeidsmiljø, helsekontroll arbeidshelse for eksponerte tilsette, samt kartlegging og risikovurdering innan psykososialt arbeidsmiljø.

Stranda kommune har utforma «Retningslinjer for sakshandsaming av politiske saker og fullført sakshandsaming i Stranda kommune». Desse retningslinjene vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Kommunen nyttar KFdelegering sin digitale løysing for delegeringsreglement. Dette innebere delegering av ansvar og mynde frå rådmannen til kommunalsjefar, stab- / støttefunksjonen og einingsleiarar i Stranda kommune.

Delegeringsreglementet er revidert og godkjent av kommunestyret i 2021 i hht krav om kvalitets- og internkontroll.

Rådmannen har sett ned eit overordna kvalitetsutval i Stranda kommune. Dokument med utforming av mandat, ansvar og oppgåver for kvalitetsutvalet er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll. Det er vidare oppretta kvalitetsgrupper i kvar enkelt eining. Kvalitetsgruppene er samansett av einingsleiar, verneombod og tillitsvald. Kvalitetsgruppene rapporterer til kvalitetsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Rådmannen har saman med resten av den strategiske leiargruppa i Stranda kommune gjennomført kurs i PLP-metodikk (Prosjekt-Leier-Prosess) som er ein metode for styring av prosjekt utvikla av Innovasjon Norge. I etterkant av kurset har leiargruppa utforma ei eiga handbok for styring av prosjekt. Handboka er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Innkjøp er i Stranda kommune delegert frå kommunestyret til rådmannen. Rådmannen har delegert ansvaret vidare til økonomisjefen, som fungerer som innkjøpsansvarleg i kommunen. Det er utforma ei administrativ prosedyre for korleis anskaffingsprosesser skal gjennomførast i Stranda kommune.

Likestilling og diskriminering

Kommunelova §14-7, seier følgjande om innhaldet i årsmeldinga:

«*Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling.*

Likestillingstiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestillings- og diskrimineringslovens formål om likestilling uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk».

Av 408 tilsette i Stranda kommune er 95 menn og 313 kvinner. Tabell 5 nedanfor syner utviklinga i kjønnsfordeling dei siste fire åra.

Antal tilsette fordelt på kjønn 2018		Antal tilsette fordelt på kjønn 2019		Antal tilsette fordelt på kjønn 2020		Antal tilsette fordelt på kjønn 2021	
Kvinner	324	Kvinner	327	Kvinner	327	Kvinner	313
Menn	94	Menn	97	Menn	97	Menn	95
Totalt	418	Totalt	424	Totalt	424	Totalt	408

Tabell 5: Antal tilsette fordelt på kjønn 2018-2021. Kjelde lønssystemet. Reduksjon av tal tilsette er knytt til nedleggning av Liabygda barnehage, avvikling av avlastingsbustad (Langlobøen) og nedtrekk i pleie og omsorg som følgje av bortfall av brukarar..

I 2021 hadde kommunaleiinga 1 mann og 3 kvinner - og Stranda Hamnevesen KF hadde kvinneleg hamnesjef.

På einingsleiarnivå i kommunen er det 13 kvinner og 3 menn. Ein opplever at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går igjen i kommunen; stort sett kvinner i omsorgs- og reinhaldaryrke.

Kvinnene overtek og meir i skuleverket/undervisning spesielt på barnetrinnet (1.- 7. kl.), medan menn er overrepresentert i tekniske stillingar.

Kvinner har i større grad enn menn deltidsstillingar. Ein stor del av deltidsarbeidet er frivillig som følgje av m.a ansvar for små born. Det er utarbeidd interne retningslinjer for å redusere delen av uønskt deltid i Stranda kommune. Retningslinene vart vedtatt våren 2020, og forpliktar både leiarar og tillitsvalde på alle nivå. Ein har eit stadig fokus på å redusere den ufrivillige deltida. Når stillingar vert ledige søker ein så langt drifta tillet det å auke opp stillingsstorleiken for dei som ønskjer det. I tillegg vurderer den einskilde einingsleiar jamleg eigne stillingsressursar og løysningar innanfor eiga eining. Det vert og sett på alternative løysningar på tvers av einingar og fagområde.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik i Stranda kommune var i 2021 på 82% i følgje KS/ PAI- registeret. Tabellane nedanfor viser heiltidsandel fordelt på sektor og kompetanse.



I rekrutteringsprosessar skulle ein sett fleire menn sökje til stillingar innan helse/omsorg og barnehage, og tilsvarande at kvinner i større grad sökjer seg til tekniske stillingar. I røynda handlar det likevel om å få kvalifiserte sökjarar, i betydinga både formelt kvalifiserte og personleg eigna til jobben. Kommunen er sjeldan i ein situasjon der ein kan velje det kjønnet som er underrepresentert.

Stranda kommune har følgjande tiltak for å fremje likestilling:

- Like moglegheiter til etter- / vidareutdanning.
- Seniortiltak: Tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid, naudsynt kompetanseheving, ekstra fridagar eller tillegg i lønn.
- Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne eller som av andre årsaker har behov for personleg tilpassing.
- Rutinar mot mobbing og trakkassering.
- Rutinar for konflikthandtering.
- Retningsliner for uønska deltid.
- Eventuelle urimelege skeivskapar i lønn mellom kjønn og grupper blir forsøkt retta opp i lokale lønsforhandlingar. Slike skeivskapar kan oppstå mellom anna som følgje av nyrekruttering gjennom året.

Stranda kommune har ikkje eit eige likestillingsutval. Saker innanfor området vert handsama av det partsamansette utvalet (PAU).

Sjukefråvær

Stranda kommune hadde i 2021 eit samla sjukefråvær på 10,8%. Dette mot 8,3% året før (tala er henta frå lønssystemet).

Arbeidsmiljøutvalet har sjukefråvær fast på saklista. Einingsleiarane i Stranda gir kvart år ei grundig utgreiing til AMU om nivået på fråværet i eiga eininga, korleis ein jobba med fråværet, korttids vs langtidsfråvær og om fråværet er arbeidsrelatert heilt eller delvis.

For 2021 kan tilbakemeldingane frå einingsleiarane oppsummerast slik:

- Fleire langtidssjukmeldingar har kome til gjennom året som følgje av: Svangerskap, planlagde operasjonar, stress, lett mottakeleg for smitte.
- Kroniske lidingar som medfører heil/ delvis sjukmelding delar av året
- Auke i krottidsfråvær og bruk av eigenmelding både til eigen sjukdom og borns sjukdom . Mykje av dette er knytt til korona, ikkje direkte, men indirekte i påvente av testresultat
- Høgt arbeidspress på faste tilsette som følgje av mangel på vikarar

I mars 2020 vart verden ramma av ein pandemi. Pandemien har herja gjennom heile 2021 og sette nye og store krav til arbeidslivet og måten vi organiserte arbeide på. Det gjaldt innanfor alle tenesteområda. Arbeidsplanar for tilsette i turnus var lagt om. Barnehagetilsette måtte dele seg i kohortar og lærarar måtte legge om til heimeundervisning. Alle tiltak som vart gjennomført vart gjort med grunngjeving i smittevernomsyn. Terskelen for å halde seg heime skulle vere lav, både i forhold til eigen sjukdom og borns sjukdom. Terskelen skal framleis vere lav. Kortidsfråværet auka og tilgangen på vikarar var, og er framleis veldig vanskeleg. Leiarar har gått inn i ordinære vakter for å dekke opp noko av fråværet.

Sjukefråværarbeidet har lidd under pandemien og ikkje fått det fokuset som er nødvendig. Første priorititet har vore å ha nok folk og rett kompetanse i arbeid til ei kvar tid.

Sidan våren og gjennom hausten i 2021 har ein følgd utviklinga i sjukefråværet ekstra tett. Fleire tiltak er sett i verk. Nav lokalt, Nav arbeidslivssenter og Avonova (bedriftshelsetenesta) er kopla inn. Det er helse og omsorg ein har valt å ha tettast og størst fokus på. Det er her vi har det høgaste fråværet og ser den største auken. Bedriftshelsetenesta er i dialog vedkomande eit arbeid som blir kalla «Heilhetleg sjukefråvær», der noko av arbeidet dreier seg om å etablere «Møteplassen». Her er både BHT, NAV, personalavdeling, einingsleiar og arbeidstakar representert. Det skal gjennomførast regelmessige møter i løpet av året for å hjelpe leiar med å følgje opp sjukefråværet. BHT leiar desse møta.

Ein følgjer sjølvsgå med på utviklinga også i dei andre einingane og vurdera forsterka tiltak fortløpande.

Politisk styring

Under følgjer eit kort oversyn over tal på behandla saker i 2021 samanlikna med tidlegare år.

Politiske utval

Utval	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunestyret	130	141	118	125	143	150	113
Kontrollutvalet	22	20	15	25	22	21	23
Formannskapet	130	132	130	143	121	151	136
Kommuneplanutvalet	9	18	10	23	17	34	15
Miljø og kommunelteknikk	92	75	73	83	45	63	54
Fast utval for plansaker	104	99	97	117	102	90	108
Helse, oppvekst og kulturutvalet	55	90	50	54	60	83	67
Partssamansett utval	0	12	6	3	3	0	7
Forhandlingsutvalet	9	12	8	7	12	7	6
Utval for viltforvaltning	21	12	28	38	11	30	19
Eldrerådet	19	18	15	24	24	20	12
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	24	15	14	22	22	18	10
Ungdomsrådet	14	10	17	14	15	21	26

Administrative utval:


	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Arbeidsmiljøutvalet	42	31	57	64	76	56	58
Administrativt tilsettingsutval	75	65	83	108	94	86	72
Administrativt løns- og forhandlingsutval	21	11	13	35	30	14	40

Vedlegg:

City Snapshot, Stranda kommune, Norway, May 2021

City Snapshot Stranda, Norway

May 2021



Inhabitants**4 523****City GDP****NOK 2 062 118 255****Inflation Rate****2.2 %****Households****1 965****Household Income****NOK 671 000****Area****866 km²****Foreword**

This publication has been developed by ITU within the framework of the United for Smart Sustainable Cities (U4SSC) initiative. It provides a visual overview on a city's performance to benchmark in the Key Performance Indicators for Smart Sustainable Cities. The visual representation highlights a city's performance in each dimension and subdimension of the KPIs for SSC based on the inherited benchmark value of each indicator. This set of KPIs for SSC was developed to establish the criteria to evaluate ICTs' contributions in making cities smarter and more sustainable, and to provide cities with the means for self-assessments.

Disclaimer


The views expressed in this publication are those of the authors and do not necessarily reflect the views of the contributing organizations.

Any references made to specific countries, companies, products, initiatives, policies, framework or guidelines do not in any way imply that they are endorsed or recommended by ITU, the authors, or any other organization that the authors are affiliated with, in preference to others of similar nature that are not mentioned.

This publication is intended for informational purposes only. The results and interim findings presented are a work in progress, as the KPIs (Recommendation ITU-T Y.4903/L.1603) implemented in the city during the first phase of the project are being refined to improve the applicability of these KPIs to all cities. The revision of the KPIs may alter their scope and definition as well as the required data collection process.

© ITU – All rights reserved. Requests to reproduce extracts of this publication may be submitted to jur@itu.int.

Performance to Benchmarks — Key Performance Indicators**Dimensions, Categories & KPIs**



95%+ Target ● 66–95% of Target ○ 33–66% of Target



● Less than 33% of Target ● No Data or No Target ● Data Reported, No Targets Yet Available

Performance Benchmark Targets apply to all sections of the graphic.



Economy



ICT

(ICT Infrastructure, Water and Sanitation, Drainage, Electricity Supply, Transport, Public Sector)



Productivity

(Innovation, Employment)



Infrastructure

(Water and Sanitation, Electricity Supply, Transport, Waste, Buildings, Urban Planning)



Environment



Environment

(Air Quality, Water and Sanitation, Waste, Environmental Quality, Public Space and Nature, Energy)



Energy

(Energy)



Society and Culture



Education, Health and Culture

(Education, Health, Culture)



Safety, Housing and Social Inclusion

(Housing, Social Inclusion, Safety, Food Security)

● ● ● ● 95%+ Target

● ● ● ● ● 66-95% of Target

● ● ● ● ● 33-66% of Target

● ● ● ● ● Less than 33% of Target

For more information, please contact:

u4ssc@itu.int

Website: itu.int/go/u4SSC